

JULEMØTE 14.12.2017.

Tekst/foto: Magnus Trønningsdal

Julen er den høytid det knyttes tettaste tradisjoner til, enten det gjelder familiebånd, arbeidsrelasjoner eller vennskaps- og foreningsforhold. Som Molde Rotaryklubb, for eksempel, der juletradisjonene sitter i veggene på Alexandra Hotel. Der juletrær og blanke kuler, boblevann og småkaker, allsang og solist-opptredener, deklamasjon og fortellerglede har vært gjentagelsens momenter i en rekke av år. Å kopiere en slik rad av julegleder lar seg vanskelig gjøre. Spesielt ikke i Panorama Lounge i 5. etasje på Aker Stadion, der et utmerket lokale for øvrig, er fundert på mer jordnære aktiviteter. Dette tatt i betraktning, synes vi kameratskapskomiteen med Tor Veraas som ankermann, har klart å skape er verdig ramme rundt markeringen. La så være at vi savnet et sanghefte og et piano og et lite tre i en krok. Til gjengjeld fikk vi overraskede innslag av ungdommer fra Kultuskolen, både på fiolin og bratsj, i tillegg til innlevende opplesning av skuespiller, Gøril Haukebø. Og de ble allsang til slutt.

Men før vi kom så langt, ønsket president, Kåre, velkommen, og kameratskapskomiteens leder, Tor, orienterte om kveldens program. Den kunstneriske underholdning var ved elever på henholdsvis fiolin og bratsj fra Kulturskolen: Ingeborg Holm, Ranveig Hana og Mikael Klaus Marleau. Det ble både som trio, duo og solo. Flere innslag til stor begeistring, spesielt for referenten, som fikk gjenhør med sin favoritt fra egen elevtid: komponist og franskmann Pleyel. To opptredener gledet den skattede skuespiller, Gøril Haukebø, oss med, der både Helge H. Rohde, Inger Hageup, Alf Prøysen og andre stod på sto på dikterlisten - de fleste med julen som bakteppe. Hvilken innlevelse for de 25 fremmøtte medlemmer med ledsagere!

(Det hviskes i øret at Tor hadde en finger med i spillet når det gjaldt disse innslagene. Takk for det)! Underveis ble det servert tvelsmakende kaker fra Tante og kaffe på kanne. Og gemyttlig prat rådet ved bordene. Til den tradisjonelle innsamlingen kom det inn kr. 3.330,-, som ble overrakt Frelsesarmeen påfølgende dag. Flott levert! Avslutningsvis leste Gunnar fra Juleevangeliet. Han knyttet så noen tanker omkring våre kjære julesanger, som hadde betydning så mye for ham. Dette avsnittet gjengir vi i sin helhet;

Julesongar tonar oss i møte kvar førjulstid og i jula. Nye julesongar dukker opp kvart år, men dei gamle er av så høg kvalitet at dei får lyde framleis. Når eg tenkjer tilbake på jula som barn, er det nokre som eg hugsar eg var svært glad i. Det er vanskelig å gardere det, men sjølve julaften trur eg "Eg er så glad kvar julekveld" var den eg lika best. Den hørde så godt. Det var julekveld, og eg var glad. Godt å synge det ut. Denne julesangen har fått namnet "Barnas julesang", og er skriven av prestedattera Marie Wexelsen, julaften ettermiddag 1858. Den blei ikkje sunge den jula, men kort før jula året etter, blei songen publisert i ei bok, og organisten i Ålesund, Peder Knutsen, sette melodi til songen. Komponist ukjend stod det i songbøkene fram til 1948. Då blei det avdekket at komponisten var den tidlegare organisten i Ålesund. Oddair Bruaset skriv om oppklaringa av komponisten i boka "Det var midt i julenatt".

Ein annan julesongfavoritt som barn var "O jul med din glede". Det var så mykje liv og rørsle i songen at den gjekk rett inn i barnehjerta. Songen er skriven av den leikande og lystige prestekona Gustava Kielland ein gong på 1840-talet, som ei overrasking til dei ni barna sine. Når den seinare har blitt så populær, er det nok fordi den har brakt leiken inn i gangen rundt juletreet. Kvinneforeningane si mor, var også julegledene si mor.

Ein julesong som eg hugser godt frå barneåra, er ein som ikkje står i salmeboka lenger og som blir lite sunge i dag. Det er Hovdens julesong: "No kimar det frå alle tårn. Dei syng og leikar seg Guds born, og ljose englar jublar med om himlens ære, heimens fred". Eg hugsar den serleg frå juletregangen i julegjesteboda 2. juledag. Tanta mi tok alltid til tårne når vi song den songen. Det var yndlings songen til son hennar, som omkom i ei drukningsulukke i eit fjellvatn fridomsvåren 1945. Eg trur ho såg son sin for seg som song og leika i himmelen, når vi song den songen.

Som ung lærer i heimbygda mi etter gymnas, kom Jakob Sande sin julesong "Det lyser i stille grender" inn på mitt repertoar. Songen stod i Lars Søråas si sangbok, og skuleborna hadde lært den fleirstemt året før. Eg måtte dirigere dei når dei song på julefesten. Det gjekk bra. Julesongen til Jakob Sande er framleis ein av dei eg seg mest pris på å synge. At han er skriven etter oppoding midt på sommaren, for å bli trykt i julehefte i 1931, gjer ikkje songen mindre

vakker. I dag er det ein av de mest brukte julesongane.

Som vaksen har eg lært å sette pris på litt andre julesongar enn dei som var favorittar i barndomen. Ein vakker julesong er Blix sin "Sæle julekveld, Englar høgtid held. Syng i dag den same songen, som dei song den første gongen over Bethlehem: Sjå din Frelsar kjem". Den står ikkje lenger i salmeboka.

Elles nemner eg i fleng: Det hev ei rosa sprunge. Glade jul. Eg synger julekvad. Mitt hjerte alltid vanker. Og sist men ikkje minst, pilgrimssongen og julesongen framom alle, som er med i alle julaftan og juledagsgudstenester, fredssangen etter krigstid, Bernhard Severin Ingemanns song: "Deilig er jorden", skriven i 1850. (Sitat slutt).

Og med denne sangen, reiste vi oss og stemte i så kraftig vi kunne. - En verdig avslutning!



Samling i salongen



- og ved respatexen



På nært hold





Musikantene Ranveig Hana, Ingeborg Holm og Mikael Klaus Marleau



Gøril Haukebø



Takk for underholdningen



Gunnar har ordet



Deilig er jorden